



Saksmappenr: 2018/847-16  
Arkiv: K54  
Sakshandsamar: Gro Åmlid

## *Saksframlegg*

### *Valle kommune*

| <i>Saksnummer</i> | <i>Utval</i>  | <i>Møtedato</i> |
|-------------------|---------------|-----------------|
| 17/19             | Formannskapet | 27.02.2019      |
| 4/19              | Kommunestyret | 27.02.2019      |

## **Revisjon av vilkår for Finndølavassdraget - høyring**

### **Saksprotokoll i Kommunestyret - 27.02.2019**

#### **Handsaming:**

Tilrådinga vert samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Valle kommune syner til høyringsbrev datert 13.08.2018 med høyringsfrist 16. november 2018, fristen var utsett til 28. februar 2019 for kommunane. Høyringsuttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Finndølavassdraget er saksutgreiing med vedlegg, og sender den over til NVE for vidare sakshandsaming med fylgjande presiseringar:

- Valle kommune vil minne NVE om at konsesjonen for regulering av Hovatn, Fisstøylvatn og Raudvatn vart gjeven som ein tidsavgrensa konsesjon ved kg.res. 7. april 1961. Dette vart endra ved kgl.res. 18. juni 1998, kor konsesjonen blei omgjort frå å vere tidsavgrensa til ein tidsavgrensa konsesjon. Denne endringa vart gjort utan at grunneigarar, kommune eller andre fekk uttale seg eller blei kjend med saka.
- Valle kommune meiner at alle vilkåra kan undergjevas revisjon og ikkje er slik AVB hevdar at berre skadar og ulemper som ein ikkje kunne forutsjå på konsesjonstidspunktet som er gjenstand for revisjon. «*Departementet bemerker at en endring av konsesjonsvilkår for tidsbegrensing til ubegrenset tid ikke vil innebære noen innskrenking i departementets adgang til å revidre tidlegere gitte konsesjoner...*» kgl.res.18. juni 1998.
- Valle kommunen krev i tida etter 1. mai skal det ikkje tappas frå magasinet før vasstander har nådd kote 616,0. Vasstanden skal ikkje senkas under dette nivået før 1. oktober.»



(kote 616 syner til privat nivellement frå 1919, der HRV er 617 moh., sjå kap. 3.3. s. 7)

- Valle kommune føreset at dagen høgdesystem vert teke inn i konsesjonsvilkåra i samband med revisjonen (NN2000).
- Valle kommune krev at konsesjonskraftvolumet og konsesjonsavgifta skal reknas ut på nytt ut frå kva som er kraftgrunnlaget og verknadsgraden i kraftverket på revisjonstidspunktet.
- Valle kommune krev når det er 30 år til neste vilkårsrevisjon kan effektkjøring medføre store fysiske verknader for vatnmiljøet mv. som ikkje var forutsett da konsesjonen blei gitt. Valle kommune meiner difor at kjøremønster med jamn tapping gjennom resten av året må vidareførast direkte i reglementet.
- Valle kommune meiner at det må innførast gode rutinar for å redgjere for om tappemønsteret har endra seg i magasinet etter at Finndøla/Haukrei kraftverk vart bygd. Denne overvakinga må finansieras av konsesjonæren og bør inn som eit konsesjonsvilkår.
- Kommunen er einig i til innføring av standard naturforvaltningsvilkår vil bli teke inn i konsesjonen, slik det er lagt til grunn i revisjonsdokumentet.
- Valle kommune krev at det settas av eit næringsfond til Valle kommune på 20 mill. kroner. Kommunen vurderer eit slikt fond som en særdeles beskjeden andel av den framtidige verdsskapinga i Finndøla kraftverk, basert på verdifulle naturressursar i Valle kommune.
- I møte 24. januar 2019, har Valle kommune og AVB komme til einigheit om vidare oppfylging av dei krav som er omtala i referatet, med unntak for innføring av sommarvasstand i Torsdalsmagasinet.  
Til orientering vedleggast «Referat fra møte med Valle kommune og AVB 24. januar 2019».  
Valle kommune legger til grunn at avtalen i tilstrekkeleg grad ivaretek allmennheitas interesser.

#### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.02.2019**

##### **Handsaming:**

Tilrådinga med merknad vert samrøystes vedteke.

##### **Vedtak:**



Valle kommune syner til høyringsbrev datert 13.08.2018 med høyringsfrist 16. november 2018, fristen var utsett til 28. februar 2019 for kommunane. Høyringsuttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Finndølavassdraget er saksutgreiing med vedlegg, og sender den over til NVE for vidare sakshandsaming med fylgjande presiseringar:

- Valle kommune vil minne NVE om at konsesjonen for regulering av Hovatn, Fisstøylvatn og Raudvatn vart gjeven som ein tidsavgrensa konsesjon ved kg.res. 7. april 1961. Dette vart endra ved kgl.res. 18. juni 1998, kor konsesjonen blei omgjort frå å vere tidsavgrensa til ein tidsavgrensa konsesjon. Denne endringa vart gjort utan at grunneigarar, kommune eller andre fekk uttale seg eller blei kjend med saka.
- Valle kommune meiner at alle vilkåra kan undergjevas revisjon og ikkje er slik AVB hevdar at berre skadar og ulemper som ein ikkje kunne forutsjå på konsesjonstidspunktet som er gjenstand for revisjon. «*Departementet bemerker at en endring av konsesjonsvilkår for tidsbegrensing til ubegrenset tid ikke vil innebære noen innskrenking i departementets adgang til å revidere tidlegere gitte konsesjoner...*» kgl.res.18. juni 1998.
- Valle kommunen krev i tida etter 1. mai skal det ikkje tappas frå magasinet før vasstander har nådd kote 616,0. Vasstanden skal ikkje senkas under dette nivået før 1. oktober.»  
(kote 616 syner til privat nivellement frå 1919, der HRV er 617 moh., sjå kap. 3.3. s. 7)
- Valle kommune føreset at dagen høgdesystem vert teke inn i konsesjonsvilkåra i samband med revisjonen (NN2000).
- Valle kommune krev at konsesjonskraftvolumet og konsesjonsavgifta skal reknas ut på nytt ut frå kva som er kraftgrunnlaget og verknadsgraden i kraftverket på revisjonstidspunktet.
- Valle kommune krev når det er 30 år til neste vilkårsrevisjon kan effektkjøring medføre store fysiske verknader for vatnmiljøet mv. som ikkje var forutsett da konsesjonen blei gitt. Valle kommune meiner difor at kjøremønster med jamn tapping gjennom resten av året må vidareførast direkte i reglementet.
- Valle kommune meiner at det må innførast gode rutinar for å redgjere for om tappemønsteret har endra seg i magasinet etter at Finndøla/Haukrei kraftverk vart bygd. Denne overvakinga må finansieras av konsesjonæren og bør inn som eit konsesjonsvilkår.
- Kommunen er einig i til innføring av standard naturforvaltningsvilkår vil bli teke inn i konsesjonen, slik det er lagt til grunn i revisjonsdokumentet.
- Valle kommune krev at det settas av eit næringsfond til Valle kommune på 20 mill. kroner. Kommunen vurderer eit slikt fond som en særdeles beskjeden andel av den framtidige verdsskapinga i Finndøla kraftverk, basert på verdifulle naturressursar i



Valle kommune.

- I møte 24. januar 2019, har Valle kommune og AVB komme til einigheit om vidare oppfylging av dei krav som er omtala i referatet, med unntak for innføring av sommarvasstand i Torsdalsmagasinet. Til orientering vedleggast «Referat fra møte med Valle kommune og AVB 24. januar 2019». Valle kommune legger til grunn at avtalen i tilstrekkeleg grad ivaretek allmennheitas interesser.

### **Rådmannen tilrår:**

Valle kommune syner til høyringsbrev datert 13.08.2018 med høyringsfrist 16. november 2018, fristen var utsett til 28. februar 2019 for kommunane. Høyringsuttale til revisjon av konsesjonsvilkår for Finndølavassdraget er saksutgreiing med vedlegg, og sender den over til NVE for vidare sakshandsaming med fylgjande presiseringar:

- Valle kommune vil minne NVE om at konsesjonen for regulering av Hovatn, Fisstøylvatn og Raudvatn vart gjeven som ein tidsavgrensa konsesjon ved kg.res. 7. april 1961. Dette vart endra ved kgl.res. 18. juni 1998, kor konsesjonen blei omgjort frå å vere tidsavgrensa til ein tidsavgrensa konsesjon. Denne endringa vart gjort utan at grunneigarar, kommune eller andre fekk uttale seg eller blei kjend med saka.
- Valle kommune meiner at alle vilkåra kan undergjevas revisjon og ikkje er slik AVB hevdar at berre skadar og ulemper som ein ikkje kunne forutsjå på konsesjonstidspunktet som er gjenstand for revisjon. «*Departementet bemerker at en endring av konsesjonsvilkår for tidsbegrensing til ubegrenset tid ikke vil innebære noen innskrenking i departementets adgang til å revidre tidlegere gitte konsesjoner...*» kgl.res.18. juni 1998.
- Valle kommunen krev i tida etter 1. mai skal det ikkje tappas frå magasinet før vasstander har nådd kote 616,0. Vasstanden skal ikkje senkas under dette nivået før 1. oktober.» (kote 616 syner til privat nivellement frå 1919, der HRV er 617 moh., sjå kap. 3.3. s. 7)
- Valle kommune føreset at dagen høgdesystem vert teke inn i konsesjonsvilkåra i samband med revisjonen (NN2000).
- Valle kommune krev at konsesjonskraftvolumet og konsesjonsavgifta skal reknas ut på nytt ut frå kva som er kraftgrunnlaget og verknadsgraden i kraftverket på revisjonstidspunktet.
- Valle kommune krev når det er 30 år til neste vilkårsrevisjon kan effektkjøring medføre store fysiske verknader for vatnmiljøet mv. som ikkje var forutsett da konsesjonen blei gitt. Valle kommune meiner difor at kjøremønster med jamn tapping gjennom resten av året må vidareførast direkte i reglementet.



- Valle kommune meiner at det må innførast gode rutinar for å redgjere for om tappemønsteret har endra seg i magasinet etter at Finndøla/Haukrei kraftverk vart bygd. Denne overvakinga må finansieras av konsesjonæren og bør inn som eit konsesjonsvilkår.
- Kommunen er einig i til innføring av standard naturforvaltningsvilkår vil bli teke inn i konsesjonen, slik det er lagt til grunn i revisjonsdokumentet.
- Valle kommune krev at det settas av eit næringsfond til Valle kommune på 20 mill. kroner. Kommunen vurderer eit slikt fond som en særdeles beskjeden andel av den framtidige verdsskapinga i Finndøla kraftverk, basert på verdifulle naturressursar i Valle kommune.
- I møte 24. januar 2019, har Valle kommune og AVB komme til einigheit om vidare oppfylgning av dei krav som er omtala i referatet, med unntak for innføring av sommarvasstand i Torsdalsmagasinet.  
Til orientering vedleggast «Referat fra møte med Valle kommune og AVB 24. januar 2019».  
Valle kommune legger til grunn at avtalen i tilstrekkeleg grad ivaretek allmennheits interesser.

## ***Saksutgreiing:***

### **1. Bakgrunn for saka**

Valle kommune fremma krav om revisjon av Finndølavassdraget 15. oktober 2010. Krava gjaldt revisjon av vilkår for konsesjon gitt ved kgl.res. 7. april 1961 for regulering av Hovatn, Fisstøylvatn og Rauvatn. Kravet ble avvist av Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) ved brev 28. februar 2012, fordi NVE kom til at det var behov for ein samla revisjon av alle konsesjonane i Finndølavassdraget.

Valle og Fyresdal kommunar framsette deretter i felles brev frå Fyresdal kommune 26. juni 2012 nytt krav om vilkårsrevisjon av heile Finndølavassdraget med Hovatn, Fisstøylvatn, Rauvatn og Haukrei kraftverk.

NVE vedtok 13. januar 2017 å opne for revisjon av vilkåra for fylgjande konsesjonar:

- Kgl.res av 7. april 1961 – tillatelse til å regulere Hovatn, Fisstøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget.
- Kgl.res av 14. august 1970 – Ytterligere regulering og overføring av Finndølavassdraget
- Kgl.res av 22. mars 1991 – Bygging av Haukrei kraftverk

Etter opning av revisjon, har Valle kommune presisert kommunens krav i brev 6. mars 2017.



Arendal Vasdrags Brugseierforening (AVB) har utarbeida et revisjonsdokument (januar 2018) som har vært på høring. Fyresdal og Valle kommunar har fått utsatt høringsfrist til 28. februar 2019.

AVB har i revisjonsdokumentet vurdert kommunenes krav. Etter utarbeiding av revisjonsdokumentet har det vært gjennomført synfaring 9. oktober 2018, og kommunane har både saman og kvar for seg hatt møter med AVB.

For Valle kommune, som er magasinkommune, har det mest sentrale i revisjonssaken vært å få belyst betydninga av innføring av sommarvannstand i Torsdalsmagasinet. Valle kommune har ingen eigen kompetanse på hydrologi, og har difor funnet det nødvendig å innhente uavhengig hydrologisk kompetanse for best mogleg å underbygge kravet om restriksjonar i magasinet. Fyresdal kommune er på sin side både magasinkommune og elvekommune, med hovudtyngde på vassdraget, og har derfor hatt størst fokus på forholdene nedstrøms magasinet. Slik saken har utviklet seg, har kommunane funnet det mest hensiktsmessig å inngi kvar sin høyringsuttale.

Valle kommunes høyringsuttale er basert på innspel frå allmenne interesser i vassdraget, samt kommunens egne interesser, jf. kommunens revisjonskrav fra 15. oktober 2010, presisert i brev 6. mars 2017. Valle kommune har vidare gjennomført et folkemøte om revisjonssaken 03.10.2018. I tillegg til nærverande uttale har fleire representantar for allmenne interesser i vassdraget inngitt egne uttaler.

Valle kommune vil innleiingsvis understreke at det sentrale for kommunen er å få fastsatt nye vilkår i manøvreringsreglementet som sikrar sommarvassstand i Torsdalsmagasinet. For Valle kommune er det viktig å få ein mest mogleg optimal utnytting av dei tilgjengelege vannkraftressursane kor det vert teke omsyn til både vannkraftproduksjonen, annen utnytting av vassdraget og naturmiljøet.

## **2. Kva for verknader har denne saka for utviklinga av Valle kommune?**

Valle kommune som er ein magasinkommune har det mest sentrale i revisjonssaken vært å få belyst betydninga av innføring av sommarvassstand i Torsdalsmagasinet.

Valle kommune har gjort fylgjande avtale med AVB:

### **-Parkeringsplassar i Torsdalen**

AVB vil sjå på utbetring av parkeringsområde som dei har rettigheter i.

AVB vil snu båthusbua og fjerne trallbanen i dialog med Velforeininga (rettighetshavarar).

### **-Båtrampe (betongrampe)**

AVB er åpen med å komme i dialog med Velforeininga i samband med forlenging av båtrampe og å gjere den breiare.

### **-Båtferdsløp på magasinet kart og merking.**

AVB sørger for å sette opp kartskilt som syner vegpunkt og farbar veg over vatnet.

Digital merking av waypoints.

### **-Infotavle**

AVB sørger for at det vert sett opp ei infotavle for allmenta, som skal innehalde generell informasjon.

Dette vert gjort i samarbeid med Fyresdal og Valle kommunar, Velforeininga og DNT.



### **-Veg opp mot dammen**

AVB skal sørge for å utbetre vegskulder og sørge for at vegskulder vert tilfredsstillande sikra.

### **-Bru over bispevegen**

AVB bidreg med materialar ved førespurnad, dei har ikkje ansvar for vedlikehald av brua.

### **-Trær og røter i magasinet**

Det har tidlegare vært ei opprydding i magasinet, men AVB er positive til at det kan gjerast ein ny vurdering. Dette kan AVB ha ein dialog med Velforeininga.

## **3. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk**

### **Nokon rettslege utgangspunkt for å vurdere endrande vilkår i konsesjonane**

Dei konsesjonane i Finndølavassdraget som er gjenstand for vilkårsregulering fremgår av punkt 1 ovanfor.

Konsesjonane er blant dei konsesjonane som i NVEs/Miljødirektoratets rapport nr. 49/2013 «*Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering*» er ansett reviderbare innan 2022.

I rapporten er vassdraga delt inn i ulike prioriteter. Hovudkategorien prioriterte vassdrag (kategori 1) er igjen delt i to underkategoriar; høy prioritet (1.1) og lågare prioritet (1.2). Vassdrag kor NVE og Miljødirektoratet har vurdert miljøforbedringspotensialet som stort, er plassert i kategori 1.1. Konsesjonane i «Finndøla» er plassert i kategori 1.2. Vassdrag som er plassert i kategori 1.2 er også prioritert, men antas å ha eit noko mindre miljøforbedringspotensiale, med anten større krafttap (samanlikna) med vassdrag i kategori 1.1) av aktuelle tiltak sett i forhold til forventede miljøgevinst.

Det er blant anna teke inn fylgjande kva gjelder Finndøla på side 133:

*«Området består av et kolleitet landskap som når opp i over 1200 moh. Reguleringssoner på > 10 m vil kunne påvirke landskapsbildet når vannstanden i magasinene er lav. Området er viktig for friluftsliv med flere turisthytter som Torsdalsbu og Hovstøyl, og flere DNT-merkede stier. Det går skogsbilveg til alle magasinene og det er en del hytter bl.a. ved Øysævatn og Ulsvatn.»*

Det fremgår vidare at aktuelle tiltak blant anna er:

*«Magasinrestriksjoner i Fisstøylvatn og Øysævatn for å sikre tilstrekkelig vannstand av hensyn til landskap og friluftsliv.»*

I rapporten er det dessutan anslege at krafttapet ved dei foreslegne tiltak er avgrensa mindre enn 5 GWh/år (5 % av samla produksjon), og at det ikkje dreier seg om flaumutsette områder.

Ved ein revisjon kan det stilles nye krav slik at miljøverdiane i dei regulerte vassdraga ivaretakas betre. Revisjon av kraftkonsesjonar gir blant anna høve til å betre forhold for fisk.



Men også landskapsforhold, friluftsliv og ivaretaking av viktig naturmangfold, er viktige omsyn.

Etter at vilkårsrevisjon ble kravd for Finndølavassdraget, er det også vedteke nye forvaltningsplaner i medhald av vannforskriften. Valle kommune legger til grunn at denne planen er eit uttrykk for dagens miljøtilstand i vassdraget.

I revisjonsdokumentet på side 3 uttaler AVB fylgjande:

*«Det er bare konsesjonsvilkårene som kan revideres, ikke selve konsesjonen, herunder høyeste regulerte vannstand (HRV) og laveste regulerte vannstand (LRV). Videre slås det fast at restriksjoner som i praksis umuliggjør utnyttelse av hele reguleringen og privatrettslige krav, ikke er en del av revisjonen. Som hovedregel er heller ikke økonomiske krav en del av revisjonsadgangen.»*

Vidare skildrar AVB ein svært restriktiv praksis for vilkår som endrar produksjonsvolumet på side 47 til 49, med henvising til OEDs retningslinjer for revisjon. AVB anfører blant anna at simuleringar viser at det ved en sommarrestriksjon, for eksempel HRV – 8 meter, ikkje vil være mogleg å nytte magasinet fullt ut, og at det av dette fyllgjer at det ikkje er anledning til å pålegge magasinrestriksjonar i Torsdalsmagasinet.

Ved vurdering av kor terskelen for å pålegge magasinrestriksjonar eller minstevannføring skal fastleggast, er fyrst og fremst forarbeida av betydning, i tillegg til etterfylgjande lovgevaruttalar. I samband med implementeringen av vanndirektivet, uttalte energi- og miljøkomiteen (Innst. S. nr. 131 (2008-2009)) fylgjande om adgangen til å innføre minstevannføring:

*«Komiteen mener at tiltaksplanene som skal utarbeides med utgangspunkt i direktivet, må innlemme revisjoner av vannkraftkonsesjoner. I særdeleshet er det viktig å få til ordentlige miljøforbedringer der det ikke er krav om minstevannføring i dag. [...] Komiteen vil påpeke at det generelt er stort forbedringspotensial på mange plan i gamle vannkraftverk, der potensialet for miljøforbedring kan være stort med bare litt vannslipp.»*

Som det fremgår, forutset Stortinget at det er «viktig å få til ordentlige miljøforbedringer der det ikke er krav om minstevannføring i dag», og at det føreligg eit stort potensial for miljøforbedringar med beskjeden verknadar for kraftproduksjonen. Uttalen må forståas både å gjelde restriksjonar i drifta av magasinene og ny minstevassføring i vassdraget.

Etter kommunens syn har AVBs uriktige utlegning av rettstilstanden bidrege til at AVB ikkje har behandla det framsette kravet om sommarvasstand på en tilfredsstillande måte, jf. nærmare under punkt 3.1.





Som det fremgår av det siterte ovanfor, legger AVB vidare til grunn at økonomiske vilkår normalt faller utanfor konsesjonen.

Ifylgje forarbeida, Ot.prp. nr. 50 (1991-1992) på side 47, kan imidlertid:

*«samtlige vilkår som er oppstilt [...] undergis en ny vurdering på bakgrunn av de erfaringer man har gjort seg i løpet av perioden. [...] Revisjonen kan omfatte vilkår av høyst forskjellig karakter. Etter departementets oppfatning har det derfor lite for seg å forsøke og angi konkret hvilke endringer eller nye vilkår som i fremtiden kan bli aktuelle. Det vil avhenge av hvilke forhold som gjør en endring påkrevet eller ønskelig (ny lovgivning, endringer i samfunnsoppfatningen, interessekonflikter, nye skader eller ulemper, økologiske, hydrologiske eller økonomiske forhold etc.). [Våre understrekninger.]»*

Dette framgår følgelig av forarbeida at det er adgang til å ta inn økonomiske vilkår i revisjonsadgangen.

Seinare uttaler og praksis frå OED inneberer ingen begrensningar i denne rettsforståelsen. I den forbindelse vises til Oslo tingretts dom 3. desember 2018 i sak mellom Agder Energi og staten, om revisjon av konsesjonskraftprisen, kor tingretten på s. 7 uttaler:

*«Retten har kommet til at endringen av prisvilkåret ligger innenfor statens revisjonskompetanse, og at den heller ikke er i strid med Grunnloven § 97.»*

#### 4. Vurderingar

Torsdalsmagasinet ligg i Valle kommune i Aust-Agder med ein liten del i Fyresdal kommune i Telemark. Magasinet bestod opprinnleg av tre vann; Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn, som etter oppdemninga i 1963 har blitt til eitt samanhengande vann. Før 1960 var høgdeforskjellen mellom desse vatna under 1 meter, og opprinnleg vasstand i Fistøylvatn og Rauvatn er i dag nedre reguleringsgrensen for magasinet. Ved HRV ligger vatnet 706 meter over havet, og reguleringshøgda er 21 meter.

Torsdalsmagasinet er eitt av få magasin i Arendalsvassdraget kor det ikkje er pålagt magasinrestriksjonar i sommarhalvåret.

Valle kommune fremma krav i 2010 om at det skulle innførast sommarvasstand i magasinet. I høyringsdokumentet uttaler AVB at dette ikkje er mogleg.

Som grunngeving har AVB blant anna vist til at det vil bli meir krevjande å oppfylle krava om sommarvasstand i Øysæ, Gaus og Votna. Vidare er det vist til overskjønnet vedrørende regulering av Finndalsvassdraget (i praksis Torsdalsmagasinet), datert 2. august 1962, kor det er skildra kva forutsetningar som ble lagt til grunn for utbetaling av erstatningane. Det framgår av overskjønnet at fiske erstattast og «avgis under forutsetning av at fiske blir totalt ødelagt ved reguleringen». Vidare framgår det i tilknytning til ferdsl på magasinet, at retten har «tilkjent samtlige saksøkte undtatt hytteeierne takstnr. 13, 15 og 20 erstatning for det tap de påføres som følge av de ferdselsvansker reguleringen vil føre med seg». Endelig har AVB vist til uttaler i St.prp. nr. 105 (1969-70) side 24 om løyve for AVB til ytterligare



reguleringar og overføringar i Finndølavassdraget, kor det blant anna heiter at «Turistnæringa hevdes å være av betydning og må påregnes skadet ved sterkt reduserte fiskemuligheter både ved redusert bestand og ved vansker for utøvelse av fisket».

AVB hevder på ovannemnte bakgrunn at det var ein forutsetning ved utsteding av konsesjonen at magasinene ville bli brukt aktivt «og at de ulemper som følger av reguleringa slik de praktiseres i dag lå til grunn for den tillatelsen som ble gitt».

Slik kommunen forstår det legger AVB her til grunn at det kun er ulemper og skader ved reguleringa som man ikkje forutså da konsesjonane blei gitt, som kan gi grunnlag for endringar i konsesjonane.

Dette er Valle komme ikkje enig i. For det første fremgår det av forarbeida til endringar i vassdragsreguleringsloven i 1992, Ot.prp. nr. 50 (1991–1992) på side 47, at:

*«Som det allerede er redegjort for innebærer den alminnelige revisjon en modernisering eller ajourføring av konsesjonens vilkårsside. I prinsippet betyr dette at samtlige vilkår som er oppstilt, kan undergis ny vurdering på bakgrunn av de erfaringer man har gjort seg i løpet av perioden. Vurderingen kan føre til at vilkår sløyfes eller gis et annet innhold. Det kan også fastsettes helt nye vilkår, noe som er særlig aktuelt ved skader og ulemper som ikke var forutsatt på konsesjonstidspunktet.»*

Det er med andre ord ikkje noko vilkår om at skader og ulemper som avbøtast gjennom revisjon ikkje kan ha vært forutsett på konsesjonstidspunktet. Det er tvert imot slik at alle vilkår kan undergis revisjon.

For det andre var det ved utsteding av konsesjonen 7. april 1961, og de skjønne som ble avholdt i den forbindelse, ein forutsetning at dette var en tidsavgrensa konsesjon som skulle være i 60 år, dvs. fram til 2021. Disse forutsetningane blei endra ved kgl.res. 18. juni 1998, kor konsesjonen blei omgjort frå å være ein tidsavgrensa til en tidsbegrensa konsesjon. Denne omgjøringa ble gjennomført utan at omgjøringssøknaden blei sendt på høyring. Kommunen, grunneigarar og allmenne interesser fikk dermed ikkje anledning til å uttale seg. Dette medførte ikkje bare at man fikk endra varigheten av konsesjonen, men også at man gikk glipp av ein vurdering av framtidige konsesjonsvilkår.

Det avgjerande må da være at det av kgl.res. 18. juni 1998 side 85 flg. framgår at endringa av konsesjonsvilkår frå tidsbegrensa til ubegrensa tid ikkje «vil innebære noen innskrenkning i departementets adgang til å revidere tidlige gitte konsesjoner».

På denne bakgrunn kan det ikkje innvendes mot revisjonsadgangen i dag at ulemper som var kjent da skjønnet ble gjennomført ikkje kan avbøtast.

I alle tilfeller framgår det av de framsette krava at reguleringa i vassdraget medfører store ulemper i dag på allmenne interesser i heile området. Det vises til at magasinet ligger i eit område med mange gamle støyler, fritidsbustadar og nyttes i dag med tilhøyrande bruk og nytte i forhold til beiting, jakt og rekreasjon. Strendene er svært skjemma når det er lite vatn i magasinet og utfordrande i samband med båtutsetting og båtferdsel på magasinet. Det vises til vedlagte bilete. Dei store strendene øydeleggar leveområde for fisk og andre



organismar som har vatnet som sitt leveområde. Dette kan ikkje avbøtast gjennom skjønn med noen få private interesser.

Departementet har i tidlegare konsesjonssaker lagt til grunn at der kor det er menneskelege aktiviteter i og rundt eit magasin, må slike interesser tilleggast større vekt i avveininga av slike interesser og omsynet til kraftproduksjonen enn der kor magasinene ligger høgt til fjells i utilgjengelege områder. Det vises for eksempel til saken om fornying av konsesjonane i Arendalsvassdraget.

AVB har på bakgrunn av kommunens krav beregnet konsekvensane av å innføre krav til vasstand om sommaren i Torsdalsmagasinet. AVB skriver i revisjonsdokumentet side 6 at restriksjonane legger ein for stor dempar på fleksibiliteten i manøvreringa. På side 7 er det vist til at *«Torsdalsmagasinet [er] ett av få magasinier hvor de ikke er restriksjoner om sommeren, og AVB vurderer det som viktig for hele vassdraget å opprettholde den muligheten, både med tanke på flomdemping, sikring av minstevannføring og kraftproduksjon»*.

Vidare uttaler AVB på side 48 at det vil ha *«store konsekvenser for produksjonen i vassdraget hvis man får krav til sommervannstand i Torsdalsmagasinet. Man får mindre produksjon i Arendalsvassdraget om vinteren når forbruk og etterspørsel er høyest og mer produksjon om sommeren»*.

AVB anfører på side 49 at:

*«Simuleringen viser at ved en sommerrestriksjon, for eksempel HRV – 8 meter, at det ikke vil være mulig å benytte magasinet fullt ut. Det foreligger ikke adgang til å pålegge restriksjoner som i praksis umuliggjør utnyttelse av hele reguleringen og er heller ikke en del av revisjonsadgangen, og er presisert i OEDs retningslinjer for revisjon (ref 20 – side 16, første avsnitt) Av dette følger at det ikke er anledning å pålegge magasinrestriksjoner i Torsdalsmagasinet.»*

Valle kommune har ingen faglege forutsetningar for å etterprøve AVBs standpunkt. Hensett til dei sterke interessene som er knytt til bruk og aktiviteter ved og i magasinet, er imidlertid kommunen opptatt av å forbetre forholda i Finndølavassdraget. Revisjon av vilkåra for konsesjonane, er ein stor og viktig sak for lokalsamfunnet som er tilknytt vassdraget. Målet er å få oppdatert/modernisert reguleringsforutsetningane med bakgrunn i dei erfaringar man har hausta etter at konsesjonane blei gitt, og sikre ein betre avbalansering mellom dei motståande omsyn.

Som AVB sjølv skriver i dokumentet på side 6 er fleire: *«i dag opptatt av hvordan Torsdalsmagasinet manøvreres og ønsker seg høyere vannstand i magasinet om sommeren, og begrunner dette med både utseende og ferdsel på vannet.»*

Alle konsesjonane som er omfatta av revisjonssaken har konsekvensar for naturmiljøet og friluftslivet i tilknytning til vassdraget. Bruken av vassdraget er vidare viktig for aktiviteten i heile det geografiske området på sommarhalvåret, og særleg Torsdagsmagasinet er ein viktig innfallssport til dei nærliggjande områdene. Valle kommune har blant anna påpekt at forholda i og rundt Torsdalsmagasinet må bli betre tilrettelagt for den bruken som gjerast, blant anna med båt.



Kommunen har på bakgrunn av AVBs innvendingar mot magasinrestriksjonskravet innhenta råd frå hydrolog Einar Østvold i Hydrologiservice AS. Som det framgår av rapport frå Hydrologiservice datert 3. oktober 2018, er AVBs simuleringsberekningar for å vise konsekvensane av ulike vasstandsberäkningar i Torsdalsmagaisnet om sommaren, basert på eit svært rigid krav *«fordi det synes krevd oppfylt uavhengig av hvordan tilsigsforholdene er»*.

Valle kommune er ikkje ueinig i at resultatet av innføring av et slikt rigid system, vil være ein sterk aukeing av sommarproduksjonen og ein tilsvarande reduksjon av vinterproduksjonen. Som det er påpekt i Østvolds rapport, vil imidlertid samla årsproduksjon ikkje bli redusert. Som det vidare påpekast, tilseier dagens markedssituasjon at det neppe vil ha så mykje å si for AVB økonomisk om delar av produksjonen flyttas frå vinter til sommar.

Kommunen har basert på Einar Østvolds vurderingar og anbefalingar funnet det riktig å fremme eit alternativ til kravet om at vasstanden skal nå eit bestemt nivå på eit gjeve tidspunkt. Kommunen foreslår at vilkåret om sommarvassstand utformast slik at alt tilsig frå ein gjeve dato skal brukas til oppfylling fram til man når ynskja vasstand og at man etter dette tidspunktet ikkje skal tappe ned magasinet før ein gjeve dato. På den måten kan AVB fullt ut utnytte magasinene vinterstid samtidig som flomtap unngås ved at magasinene da kan ta imot vårflommen når den inntreir. Østvold har utforma eit vilkår som lyder som fylgjer:

*«I tiden etter 1. mai skal det ikke tappes fra magasinet før vannstander har nådd kote 616,0. Vannstanden skal ikke senkes under dette nivået før 1. oktober.»*

(kote 616 syner til privat nivellement frå 1919, der HRV er 617 moh., sjå kap. 3.3. s. 7)

Som det framgår av grunngeving i rapporten, vil AVB ved ein slik utforming av vilkåra stå fritt til å utnytte magasinet i løpet av vinteren på same måte som i dag. Dermed vil det heller ikkje oppstå nokon vriding av produksjonen frå vinter til sommar. På den annen side har man ingen garanti for at vasstanden vil nå kote 616,0 før 15. juni kvart år, da dette vil avhenge av tilsigsforholda. Valle kommune meiner at Østvolds forslag vil føre til ein betre samla løysning alle omsyn teke i betraktning.

Slik kommunen ser det, vil den føreslegne utforminga av vilkåret ivareta både omsynet til AVB og friluftslivet i området. Sjølv om tilsigsforholda kan variere betydeleg gjennom året og frå år til år, er tilsiget stort under snøsmeltinga om våren, og avtek normalt utpå sommaren og fram mot hausten. Det framgår også av revisjonsdokumentet at innføring av eit slikt krav langt på veg bare vil være ein formalisering av manøvreringa av magasinet slik den har vært praktisert i dei seinare år, jf. figur 4.3.1 på side 24 i revisjonsdokumentet. Eit krav om at tilsiget frå ein gjeve dato om våren skal brukas til oppfylling til kote 615,0 vil difor i begrensa grad komme i konflikt med dagens manøvrering.

Valle kommune vil uansett peike på at produksjonsomsynet ikkje lengre er eit tungtvegande argument mot restriksjonar i drifta av magasinet, og at sterke grunner taler for at produksjonsomsynet ikkje bør tilleggas like stor vekt som tidlegare. Situasjonen i dag er at kraftunderskot er endra til kraftoverskot. Norge er en nettoeksportør av kraft. Klimaendringane har dessutan ført til økt kraftproduksjon på grunn av auka nedbør og mildare vintre. Både kraftprodusentane og NVE har dei seinare åra oppjustert sine



forventningar til kraftproduksjonen på grunn av auka nedbørmengder. Auka nedbør vil bidra til ei auke i norsk kraftproduksjonen som langt overgår det eventuelle beskjedne tapet som ein minstevassføring i Torsdalsmagasinet vil medføre. Det bemerkes vidare at den auka kraftproduksjonen som fylgje av auka nedbør er noko produsentane får gratis.

### ***Effektkjøring***

Valle kommune vil påpeike at det er viktig at man for fyllings- og tapperestriksjonane tek høgde for at det dei seinare åra har blitt stadig meir aktuelt med effektkjøring. Det er ikkje lenger gitt at kraftprodusentane vil fylgje tidlegare etablert praksis. Liberalisering av kraftmarkedet og kraftutveksling mot kontinentet har som kjent ført til vesentlege endringar i produsentanes agering, som kan innebera ein hardare kjøring av kraftverka og med tapping også på andre tider av året.

Auka effektkjøring kan medføre store variasjonar i vasstanden, som igjen kan få store miljøkonsekvensar. Særlig ved låg vasstand kan effektkjøring gjere stor skade for fisk og bunndyr, issforhold, skader på båter, erosjon mv.. Valle kommune er ikkje kjend med at det har funnet sted effektkjøring i vassdraget, men meiner å ha registrert hyppigare endringar gjennom året enn det som var vanlig da konsesjonen ble gitt.

Når det er 30 år til neste vilkårsrevisjon kan slik effektkjøring medføre store fysiske verknadar for vannmiljøet mv. som ikkje var forutsett da konsesjonen ble gitt. Valle kommune meiner difor at tidlegare kjøremønster med jamn tapping gjennom resten av året må vidareførast direkte i reglementet.

Valle kommune meiner vidare at konsesjonæren må kunne dokumentere med målingar at det ikkje er skjedd endringar i tappemønstret i strid med gitte konsesjonar. I forhold til LRV og HRV er det innført gode rutinar for rapportering med blant anna regelmessige målingar. Det tilsvarande bør innførast for å redgjøre for om tappemønstret har endra seg med hyppigare endringar i **magasinane enn det enn** hadde før tiden etter at Finndøla kraftverk ble bygd og om dette er innanfor vilkåra som er gitt i konsesjonane. Det bør være konstante målingar som kan fylgjast på nett. Denne overvakinga må finansierast av konsesjonæren og bør inn som et konsesjonsvilkår.

### ***Kontroll/presisering av høgdegrunnlaget***

Det er opplyst i revisjonsdokumentet på side 6 at man ved reguleringa av Torsdalsmagasinet i 1961, bare hadde gamle kart og høgdemålingar å forhalde seg til. Ved den opprinnlege konsesjonsbehandlingen (kgl.res. 7. april 1961) ble det brukt lokalt høgdegrunnlag frå et privat nivellement frå 1919. Det er vidare opplyst at dette høgdegrunnlaget er veldig forskjellig frå dagens høgdegrunnlag, slik at når konsesjonen fastsetter HRV til kote 617 moh, tilsvarer dette kote 706,49 i dagens høgdesystem (NN1954). Det kan difor sjå ut som at reguleringa praktiserast annleis enn det konsesjonen gir rom for.

For høgden oppgitt i konsesjonen frå 1970 er høgdegrunnlaget oppgitt i NVE-høgder (ulike NVE vassdragsnivellement). Det framgår vidare på side 14 i dokumentet at NVE seinare har føreteke ein innmåling (kontrollmåling) med referanse til NN1954-høydegrunnlag.



Sjølv om det bare er konsesjonsvilkåra som kan regulerast, og ikkje sjølv konsesjonen, foreslår Valle kommune at dagens høgdesystem tas inn i konsesjonsvilkåra i samband med revisjonen. Dette for å unngå misforståing om høgdegrunnlaget i framtida.

## **Andre krav**

### ***Avtale mellom Valle kommune og AVB***

Krava frå Valle kommune er som nemnt presisert i brev til AVB datert 6. mars 2017.

I møte 24. januar 2019, har Valle kommune og AVB komme til einigheit om vidare oppfølging av dei krav som er omtala i referatet, med unntak for innføring av sommarvasstand i Torsdalsmagasinet. Til orientering vedleggast «Referat fra møte med Valle kommune og AVB 24. januar 2019».

Valle kommune legger til grunn at avtalen i tilstrekkelig grad ivaretek allmennheitas interesser, jf. også AVBs redegjering i revisjonsdokumentet under punkt 10.3. Det vises vidare til punkt 4.2 nedanfor vedrørande innføring av standard naturforvaltningsvilkår.

### ***Krav knytta til standard naturforvaltningsvilkår***

Kommunen ser positivt på at standard naturforvaltningsvilkår vil bli tatt inn i konsesjonen, slik det er lagt til grunn i revisjonsdokumentet på side 45.

Generelt meiner Valle kommune at innføring av standard naturforvaltningsvilkår gir miljømyndigheita et betre handlingsrom for undersøkingar og pålegg enn dagens vilkår. Kommunen legger derfor til grunn at dette i tilstrekkelig grad vil ivareta omsynet til framtidig fiskebestand, framtidig erosjonsproblematikk mv., jf. også redegjering i dokumentet på side 38 og 41. Dette forutset imidlertid at myndighetene aktivt nyttar heimlane når det er nødvendig.

### ***Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft***

Det framgår av konsesjonsvilkåra at Valle kommune i dag betaler OED-pris for konsesjonskraft frå Finndøla og Haukrei kraftverk. Ved oppgradering av kraftverka aukar verknadsgraden. I tillegg medfører auka tilsig at vassmengda er større enn lagt til grunn da kraftgrunnlaget ble fastsatt. Valle kommune krev at konsesjonskraftvolumet og konsesjonsavgifta skal reknas ut på nytt ut frå kva som er kraftgrunnlaget og verknadsgraden i kraftverket på revisjonstidspunktet.

### ***Næringsfond***

Etter vassdragsreguleringsloven § 17, kan vassdragsmyndigheten pålegge den enkelte konsesjonær å avsette midlar til næringsfond til berørte kommunar. Næringsfondet skal være ein kompensasjon for skader og ulemper, og størrelsen på fondet skal bereknas på bakgrunn av produksjonsstørrelsen og verdien på denne.



Det er ikkje tidlegare pålagt næringsfond i samband med reguleringa av Finndøla. Som fylgje av at konsesjonen som nemnt ble endra frå tidsavgrensa til ubegrensa tid, og det var forutsatt av departementet at endringa ikkje «vil innebære noen innskrenkning i departementets adgang til å revidere tidlige gitte konsesjoner», jf. kgl.res. 18. juni 1998 side 85 flg., ber Valle kommune om at det i henhold til dagens praksis innførast eit næringsfond, som ved fornying av konsesjonar.

Hensett til produksjonens størrelse, at anleggene for lengst er nedskrivne og dagens anteke marknadsværdi av kraftanlegget, finner Valle kommune det rimeleg at det avsettest eit næringsfond til Valle kommune på 20 mill. kroner. Kommunen anser eit slikt fond som ein særdeles beskjeden andel av den framtidige verdsskapinga i Finndøla kraftverk, basert på verdifulle naturressursar i Valle kommune.

Valle, den 08.02.2019

Aud Sunniva Fuhr  
rådmann

- 1 Revisjon av Finndølavassdraget - Høyringsuttale frå Valle kommune
- 2 Vedlegg -Torsdalsvatn revisjon - magasinrestriksjonar i Torsdalsmagasinet
- 3 Referat frå møte med Valle kommune og Areandal vassdrags og brukseierforening
- 4 Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn i Finndølavassdraget 06.03.2017.
- 5 Oversiktsbilete - sommarvannstand
- 6 Sommarvasstand
- 7 Inne ved Fisstøyl ved fritidsbusetnad og støylar - juni 2016
- 8 Fritidsbusetnad
- 9 Revisjonsdokument - Finndølavassdraget
- 10 Kopi av ymse brev
- 11 Løyve for Arendal vassdrags brukseigarforening til å regulere Hovatn, Fistøylvatn og Rauvatn
- 12 Løyve for Arendals vassdrags Brukseigarforening til ytterlegare regulering og overføring i Finndølavassdraget
- 13 Kart
- 14 Finndøla-Bondøla - Effekter av reguleringstiltak for fisk og friluftsliv
- 15 Revisjon av konsesjonsvilkår for Finndølavassdraget
- 16 Høring av revisjonsdokument for Findølavassdraget, datert 13082018
- 17 Vedlegg -Kgl res 18.juni 1998
- 18 Utsetting av høyringsfrist for vilkårsrevisjon Finndølareguleringa



Valle kommune